

Rådmannen gjev ikkje Haugland hjortevald i Uskedalen medhald i klagesaka om antall løyver fordi kommunen ikkje kan dispensera meir enn 50 prosent frå minstearealet. Men klaga blir sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd etter at den har vore handsama i forvaltningsstyret til veka.

Haugland Jaktvald er godkjent med eit areal på 4.400 dekar og har hatt ein eigen plan med avskytingsavtale på 17 frie dyr i året. Dette har vore råd fordi planen var godkjent då valdet hadde eit lågare minsteareal saman med fleire andre skadepressområder. Seinare har fylkesmannen regulert minstearealet for dette området til 600 dekar.

No har planen gått ut og kommunen har også fastsett eit krav om at eit vald må disponera minst 10.000 dekar for å få godkjent eigen bestandsplan.

No er Haugland-valdet sterkt pressa av hjortebeiting og difor har det saman med eit nabovald fått maksimal tildeling i høve til minstearealgrensen. Men kommunen har ikkje mogelegheit til å dispensere med meir enn inntil 50 prosent frå gjeldande minsteareal. I dette tilfellet betyr det at det ligg 300 dekar bak kvart fellingsløyve.

Reglane for oppretting av eigne bestandsplanområder gjev grunneigarane større råderett over utviklinga i hjortestamma. Ved å gå i samarbeid med andre jaktvald i området kan dei bestemma at ein større del av tildelt kvote kan fellast på dei mest pressa område, påpeikar saksbehandlar Terje Natland i kommunen.

Men med dagens regelverk kan altså ikkje kommunen dispensere meir enn den alt har gjort i området. Hvis det ikkje blir inngått avtale med nabovald slik at ein får meir areal til disposisjon, er alternativet å seinka minstearealet i heile området. Men dette er ikkje ønskjeleg fordi det då må dispenserast motsett veg og nabovalda blir pålagd ein kvote som er mykje større enn det er grunnlag for. Men hvis det vert inngått samarbeid med nabovald, vil det i dagens situasjon løysa ut inntil 17 ekstra løyver.

Av Ola Matti Mathisen